

Saksnr: 2019/140-1
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2019
Fylkestinget		17.12.2019

Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for felles organisasjonskultur i Vestland fylkeskommune**Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek følgjande formuleringar som samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune, som grunnlag for felles organisasjonskultur:

Samfunnsoppdrag:

Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland

Visjon:

Nyskapande og berekraftig

Verdiar:

Kompetent – Open - Modig

Samandrag

Prosjektleiar viser til orienteringar gitt i fellesnemnda 13. mars, 23. mai og 18. juni 2019.

Prosjekt «Felles organisasjonskultur; samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune» vart starta primo januar 2019. Føremålet med arbeidet er å skape grunnlag for bygging av ein felles organisasjonskultur i den nye organisasjonen. Felles samfunnsoppdrag, visjon og verdiar er viktige verktøy for langsiktig bygging av organisasjonskultur og utvikling av leiarar og medarbeidarar. Dei gir òg eit overordna grunnlag for strategiutvikling, planarbeid, anbudsprosessar og rekruttering og vert retningsgjevande for det daglege arbeidet i fylkeskommunen.

Prosjektleiar legg med dette fram sak for fylkestinget om formuleringar av samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Ingrid Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for
organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektleiari viser til orienteringar gitt i fellesnemnda 13. mars, 23. mai og 18. juni 2019.

Prosjekt «Felles organisasjonskultur; samfunnsoppdrag, visjon og verdier for Vestland fylkeskommune» vart starta primo januar 2019. Føremålet med arbeidet er å skape grunnlag for bygging av ein felles organisasjonskultur i den nye organisasjonen. Felles samfunnsoppdrag, visjon og verdier er viktige verktøy for langsiktig bygging av organisasjonskultur og utvikling av leiari og medarbeidarar. Dei gir òg eit overordna grunnlag for strategiutvikling, planarbeid, anbudsprosessar og rekruttering og vert retningsgjevande for det daglege arbeidet i fylkeskommunen.


Prosjektleiari legg med dette fram sak for fylkestinget om formuleringar av samfunnsoppdrag, visjon og verdier for Vestland fylkeskommune.

Om prosjekt «Felles organisasjonskultur; samfunnsoppdrag, visjon og verdier for Vestland fylkeskommune»



Gjennom heile prosessen har det vore viktig å sikre brei og god involvering internt og eksternt, for å få fram eit best mogleg grunnlag for val av samfunnsoppdrag, visjon og verdier. Dette har omfatta workshopsamlingar, spørjeundersøkingar og dialogmøte med interne og eksterne interessentgrupper. Eit omfattande materiale er samla inn og analysert gjennom dette arbeidet.

I tidleg fase vart ei spørjeundersøking («verdiundersøkinga») sendt ut til alle tilsette, eit utval innbyggjarar i begge fylke, både fylkestinga, ungdommens fylkesutval, fylkeseldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF). Her fekk ein spørsmål om 1) kva for verdier som er viktige for kvar enkelt personleg, 2) opplevde verdier i dagens fylkeskommunar og 3) ønska framtidige verdier for nye Vestland fylkeskommune. Ein fekk òg eit spørsmål om ord/omgrep som burde inkluderast i ein visjon.



Prosjekteigar Styringsgruppe Prosjektleder Prosjektkoordinator Medlemmer	Rune Haugsdal, prosjektleiar VLFK Ny toppleiargruppe for VLFK Ingrid K. Holm Svendsen, kst. fylkesrådmann HFK Arild Sondre Sekse, seniorrådgjevar, HR/HFK Jan Erik Weinbach, rådgjevar HR/SFFK, Agnete Kaldestad, overtannlege HFK, Tor Einar Skinlo, ass. opplæringsdirektør, SFFK.
Fagleg samarbeidspartner	John Wikström og Lisa Rolfsnes, PwC

BARRETS - VERDIUNDERSØKING
2842 personar svara på spørjeundersøking om verdier

Totalt frå Hordaland: 2078
 Totalt frå Sogn og Fjordane: 764

1960 tilsette

- Hordaland fylkeskommune: 1473
- Sogn og fjordane fylkeskommune: 487

814 innbyggjarar

- Hordaland: 554
- Sogn og Fjordane: 260


68 fra fylkestinget, fylkeseldrerådet, RMNF og UFU

- Hordaland: 51
- Sogn og Fjordane: 17

HORDALAND FYLKESKOMMUNE SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE


Verdiundersøkinga gjorde det m.a. mogleg å sjå korleis noverande kultur i dagens to fylkeskommunar vert oppfatta, kva ein ønskjer at den framtidige kulturen skal vere prega av, og å sjå likskap/ulikskap mellom interessentgruppene.

Prosjektleiari Rune Haugsdal og heile den nye toppleiargruppa for VLFK hadde i perioden april–juni tre arbeidssamlingar. Dette resulterte i to alternative framlegg i fellesnemnda sitt møte 23. mai.



Bilete: Drøftingsframlegg i fellesnemnda 23.05.2019

Fellesnemnda gav nyttige og konstruktive tilbakemeldingar til forslaga i møte 23. mai 2019. Likeeins vart forslaga drøfta internt på ei utvida leiarsamling i Førde 2. juni 2019 og ei samling med alle hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneombod i Balestrand 5. juni 2019. Innspel frå alle dei tre nemnde fora vart teke omsyn til i dette endelege forslaget frå prosjektleiari, framlagt som referatsak til fellesnemnda 18. juni 2019.



Bilete: Prosjektleiari sitt endelege forslag til fellesnemnda 18.06.2019

I perioden september-november 2019 har alle dei nye avdelingane i Vestland fylkeskommune hatt samlingar for sine leiarar og medarbeidarar. På desse samlingane har ein involvert medarbeidarane ytterlegare i korleis byggje god organisasjonskultur basert på dei utarbeidde verdiane og visjonen. Dei sentrale spørsmåla her er: «Kva inneber verdiane kompetent, open og modig for vår åtferd, våre arbeidsmåtar, våre haldningar?» og: «Korleis kan vi kome nærare visjonen om ein nyskapande og berekraftig fylkeskommune?» Det har vore stort og positivt engasjement rundt dette arbeidet. Det har gitt retning og skapt gode diskusjonar i avdelingane rundt kva kultur vi ønskjer og har gjeve eit felles «språk» på tvers av heile organisasjonen.

Konklusjon

Prosjektleder føresler at fylkestinget vedtek følgjande formuleringar som samfunnsoppdrag, visjon og verdier for Vestland fylkeskommune, som grunnlag for felles kultur i organisasjonen:

Samfunnsoppdrag:

Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland

Visjon:

Nyskapande og berekraftig

Verdier:

Kompetent – Open - Modig